

Flaumfaren i Uskedalselva er kartlagt.

22.05.2019



Uskedalselva kan på nedbørsrike dagar gå over sine breidder (Arkivfoto frå nov. 2017).

På Kvinnhead kommune si heimeside kan vi lesa om flaumfaren i Uskedalselva. Rapporten er laga av Norconsult AS og utrekningane er gjort med bakgrunn i gjentaksintervall på 20, 200 og 1000 år. Klimaprofilen syner at det er venta store nedbørsmengder i framtida med meir styrtregn. Om Uskedalen les vi dette i utdrag:

Med det flate landskapet ved Uskedalselva og område rundt vil vasstanden auka monaleg ved ein flaumsituasjon. Elva vil renna over eigne breidder og overfløyma lågareliggjande område. Desse areala er i dag for det meste nytta til landbruk, men bygningar og vegar vert også råka.

Uskedal bru og Haugland bru er ikkje venta å bli overtoppa ettersom flaumvatnet finn andre trasear forbi brudekka. Vegen på Kjærlandssido blir råka av flaum på ein kortare strekning. Fleire bygg i nedre del av vassdraget vert råka. Dette gjeld særleg Campingsplassen, som berre ligg 1 til 2 meter over havet.



Ved storflaum vil vassmengda finna nye vegar forbi Uskedal bru og Haugland bru (Arkivfoto frå nov. 2017).
Vasstanden i havet vil sjølvsagt ha innverknad på flaumsituasjonen. Kartlegginga legg til grunn at det er ein sjøvasstand på 1,4 meter over havet.

Kartlegginga og rapporten er viktig for framtidig planlegging og arealbruk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal